



Jørgen Olsvoll
Håtuftvegen 280
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1562 - 16/13358

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

27.06.2016

Førebels svar på søknad om SMIL-tilskot til inngjerding av beite på Hestdal

Meland kommune viser til dykkar søknad dagsett 31.05.16 om SMIL-tilskot til inngjerding av beite. Saka er under handsaming i kommunen og du vil få svar frå oss så snart saka er ferdig vurdert. Forventa sakshandsamingstid er innan utgangen av september.

Til søknaden skal det leggjast ved kopi av leigeavtalen då tiltaket skal gjerast på leigde areal. Det skal å leggjast ved kostnadsoverslag som grunnlag for omsøkt tilskotssum.

Dette er ikkje vedlagt søknaden og me ber om at de sender inn kopi av Leigeavtale og kostnadsoverslag til Meland kommune snarast så mogleg.

Kommunen viser samstundes også til punkt 3.3 Miljøkrav i Rundskriv 2015- 17 Kommentarer til forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket : «Tredje ledd sier hvilke miljøkrav som må oppfylles. Søkere må ha gjødslingsplan og sprøytejournal, samt kart over alt eid og leid jordbruksareal, som foretaket til enhver tid disponerer».

Dette inneber at de som søkjar, ved kontroll, må kunne fremleggja følgjande dokumentasjon:

- Gjødslingsplan eller fritak frå gjødslingsplan
- Sprøytejournal
- Kart over alt jordbruksareal som føretaket disponerer

Dersom de har spørsmål i saka kan de kontakta skog- og miljøkonsulent Marius Flemmen Knudsen.

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Mottakere:
Jørgen Olsvoll

Håtuftvegen 280 5918

FREKHAUG